200901128-108 KV/JASU
A: 312

Martin og Inga Helen Seime, Reidar Skrøppa
6827 Breim
14.08.11.

NVE
Konsesjonsavd.
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Høyringsfråsegn om utbyggingsplanane i Storelva, Gloppen kommune.

Storelva (Breimselva) går som ein nerve gjennom den breie Breimsdalen / bygda. Vi ser på elva som stor, livgjevande for både folk, natur og identitet til Breim. Å nærmast tørrlegge denne elva er for oss utenkjeleg, særleg den nederste delen. Elvosen og Breimsvatnet høyrer i lag og har ein sterk identitet for Reed og Breim i det heile.
Vi meinar at fleire alternativ må utgreiast med kraftstasjon evt. fleire kraftstasjonar lenger oppe i elva der falla er størst. Ved å redusere utbygging vil trivsel, natur og miljøgevinsten auke betrakteleg.

Den planlagde tunellen med dei enorme steinmassane er vanskeleg for einkvar å

forestille seg. Vi meinar det ikkje er nok utreda korleis steinmassane skal forvaltast / plasserast.

Vi er sterkt imot at osen vert borte.

Vi er sterkt imot at det vert bygd tunell der stein og slam vert plassert i deponi i Seimestranda.

MVH
Inga Helen Seime
Martin Seime
Rudar Skrappa